



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.11.2016
Vår ref.: 2016/18037-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/2423 – 16/30206

Kulturminnefagleg fråsegn - Lygra indre - gnr 58 bnr 7 - dispensasjon frådeling - Lindås kommune

Viser til brev datert 31.10.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Om tiltaket

Søknaden gjeld frådeling av bustadtomt på gnr. 58, bnr. 7 på Lygra indre i Lindås kommune. Det er også søkt om utvida avkjøringsløype frå fylkesveg 404. I situasjonskartet, som følger med søknaden, er det teikna inn ein ny tilkomstveg til både eksisterande bygningar på bnr. 7, den omsøkte bustadtomta og vidare mot nord, men den nye veggen er ikkje nemnd i søknaden.

Lindås kommune påpeikar at det er kjend eit automatisk freda kulturminne i nærleiken av den planlagde bustadtomta. Sjurhøgjen er ein automatisk freda gravhaug frå jernalder med Askeladden-id. 45456. Gravhaugen ligg i grense mellom bnr. 3 og bnr. 7, og den delen av gravminnet med sikringssona som ligg på bnr. 7 skal no ligge på den nye bustadtomta. På oversiktskartet er Sjurhøgjen vist utan sikringssona. Automatisk freda kulturminne må alltid visast med 5 meters sikringssona rundt dei, då sikringssona er også bandlagt etter kulturminnelova.

Kulturminnefagleg vurdering

Lygra er kjend for sitt lyngheilandskapet med stor tidsdjupne. Dette kulturlandskapet er sjeldant og framståande i nasjonal og internasjonal samanheng. Riksantikvaren jobbar med eit nytt verkty for kommunane ved etablering av register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheiane på Lygra er tatt med i dette prosjektet. Meir informasjon om KULA-prosjektet finn ein her: <http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse>.

Lygra er rekna for å vere ein gammal kongsgard, frå Olav Haraldssons tid, og den var krongods gjennom heile mellomalderen fram til midten av 1600-tallet. Garden er rik på automatisk freda kulturminne, her ligg det mellom anna fleire gravminne frå jernalder og ein kyrkjegard frå mellomalder. Sjurhøgjen ligg i grense mellom bnr. 3 og 7, aust for tunet på bnr. 3. Arealet elles rundt gravminnet er eit relativt opent kulturlandskap. Jamfør nasjonale føringar i høve kulturminneforvaltninga er det eit mål å bevare automatisk freda kulturminne i eit mest mogleg urørt kulturhistorisk landskap.

Frådeling av tomt er ikkje i strid med kulturminnelova, men saka gjeld frådeling av tomt med føremålet bustadbygging. Utbygging av den omsøkte tomte og bygging av den nye tilkomstvegvegen vil få ein dominerande verknad i kulturlandskapet. Bustadbygging og bygging av tilkomstvegen til tomte vil medføre både inngrep i automatisk freda gravminnet og at kulturminnet vert utilbørleg skjemma, og dermed omfatta av § 3 i kulturminnelova. Den planlagde frådelinga med bustadføremål og den nye tilkomstvegen kan difor ikkje sameinast med godt vern av det automatisk freda kulturminnet med Askeladden-id. 45456.

Konklusjon

Den omsøkte frådelinga med føremål bustadtomt og den nye tilkomstvegen vil medføre inngrep i automatisk freda kulturminne og vil verke utilbørleg skjemma for kulturminnet. Hordaland fylkeskommune rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til frådeling av bustadtomt og bygging av tilkomstveg på Lygra indre gnr. 58, bnr. 7 i Lindås kommune. Vi ber kommunen om å få oversendt vedtak i saka for vurdering av eventuell klage.

Jostein Aksdal
fung. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.